



Arrangøren stilte med to mixlag med tilsaman 19 spelarar og her er dei over og under

SPAR CUP måtte flyttast frå den sterkt vasstrukne Heio til grusbana i sentrum og det var ein svært vellukka flytting. Det vart ein imponerende mønstring av ung idrettsglede, og sjølv om det var striregn under deler av cupen vart han avvikla utan problem.

Ein prognose med ein snittstorleik på 7 på kvart av dei 46 laga gav eit antatt deltakartal på 322, men snittet vart litt større og dermed stoppa telleverket på 334, Det er ein klar rekord for dette populære arrangementet som samlar fotballrekruttar frå heile kommunen. Dei var født i 2001, 2002, 2003 og 2004



Ikkje minst imponerende var det at arrangøren sjølv klarte å stilla 46 lag og 53 deltakarar. Det skuldast ikkje minst at 2 mix-lag (både jenter og gutar saman) inneheldt 19 spelarar. Her kunne dei nok med fordel ha stabla på beina eit lag nummer 8,

Og det er grunn til å stilla spørsmålet: Kan og bør vårt lokale idrettslag køyre med sjølvstendige lag (utan samarbeid med Rosendal) også i 'eldre klassar'?

I alle fall gror det godt med omsyn til rekrutteringa i dei yngres rekkjer og leiar-sjiktet gjer klårt ein god jobb.

I cupen var eit 30-tal i arbeid inne og ute og 18 av desse var å finna i kjøkenet på skulen, som var eit naturleg og sjølv sagt val når flyttinga til grusbana var eit faktum. Her var det eitt kollossalt sal, for å sitera ein av eldjselane som frista med utruleg mye godt - ikkje minst på kakefronten!



Morokar frå Egersund med fotballbakgrunn - Kristian Arntsen

Heller ikkje idrettsfolk med fedre og mødre er reddde for ein regnsvett og ingen lot seg skremme heimatt. Truleg var mellom 1100 og 1200 innom når spelarane reknast med og skulen under cupen og alternativbana forsvara plassen sin som reservearena medan Heio nok vil leva vidare som hovudarena i kraft av miljø og grøn ramme.

Det mangla ikkje på heiarop og engasjement under kampane og ein som skilte seg ut var ein sprudlande morokar frå Eigersund og Stavanger, Kristian Arntsen. Han mellomlanda hos kjente i Uskedalen etter eit vellukka show i Rosendal kvelden før og lot seg ikkje be to gonger før han taktfast slo til med denne strofa:

Vi er grønne,
vi er best,
vi er de
som scorer mest!

Nå var ikkje scoring av mål nokon hovudsak på dette alderssteget men vi ser ikkje bort ifrå at strofa er sann...

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen



Travelt i kjøkensesjonen, der 18 var innom og jobba